



# Rapport 2018

Årdal Utvikling



## 1. Forord

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vere ein god stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling er kommunen sitt verktøy for å gjennomføre strategisk næringsplan. Gjennom dette arbeidet støttar Årdal Utvikling opp om visjonen til kommunen, ved å bidra til berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for høg livskvalitet, gode utdanningsmogelegheiter og nye arbeidsplassar i eit variert og framtidretta næringsliv.

Den viktigaste ressursen i dette arbeidet er likevel næringslivet sjølv. I rapporten for 2018, får de eit lite inntrykk av kva Årdal Utvikling arbeider med, og kva utfordringar kommunen står framføre. Strategisk Næringsplan og handlingsplanen for 2018, gjev grundig informasjon om kva prosjekt som har hatt fokus i året som har gått.

Årdal har vore inne i ein positiv trend sidan 2015. Vi trur denne trenden vil halde fram mot 2021. Skatteinntektene til kommunen aukar for kvart år, noko som gjer at kommunen kan yte fleire og betre tenester til innbyggjarane sine.

### Satsing på kompetanse og innovasjon

I samband med tung rullering av strategisk næringsplan i 2016, gav næringslivet eit sterkt signal om at Årdal Utvikling måtte satse på kompetanseutvikling og innovasjon. I 2017 har difor Årdal Utvikling nytta mykje tid og ressursar på å lage ein kompetansestrategi for Årdal. Denne vart endeleg vedteken i

kommunestyret i desember 2017. I 2018 har Årdal Utvikling sett inn alle krefter på å realisere kompetansestrategien. Som styreleiar er eg stolt å kunne slå fast at vi har levert i samsvar med plan og ønskjer frå næringslivet. Gjennom Årdal Teknologipark vil vi få på plass samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar, utvikle og styrke Sogn Opplæringskontor og saman med næringslivet støtte opp om SITEP AS som er det nye teknologi og innovasjonsselskapet eigd av næringslivet, SINTEF, Kunnskapsparken og Årdal Utvikling.

Arbeidet med å realisere kompetansestrategien vil halde fram med full styrke i 2019 også, og i 2020 vil Årdal Teknologipark stå ferdig. Eg set stor pris på den store medverknaden næringslivet har synt i denne prosessen. Gjennom Årdal Teknologipark legg Årdal Utvikling opp til eit tett, tillitsfullt og konstruktivt samarbeid med næringslivet, for å realisere felles mål for kompetanseutviklinga i Årdal og regionen.

### Satsing på reiseliv

Vi har gjennom heile 2018 satsa vidare på reiselivsprojekta som kom fram i samband med rullering av strategisk Næringsplan. Mange av prosjekta er begynt å nærme seg realisering. I tida fram mot 2020, vil vi sjå at nye positive tiltak knytt til sjøfronten på Årdalstangen vil ta form. Kjøpet av skyssbåten Tya opnar for mange spennande satsingar, knytt til Sognefjorden. Årdal Utvikling har heile tida fokus på å profilere Årdal som ein attraktiv stad å besøka. Vi vil sjå at i åra som kjem, vil Årdal vere stad for mange populære TV-produksjonar, som vil få fram dei flotte opplevingane Årdal har å by på.

### Satsing på arbeidsplassar for kvinner og ungdom

Årdal har etter kvart fått eit spennande og livskraftig næringsliv. Vi ser at innan besøksnæringsane, så står det fram kvinnelege leiarar og eigarar, som set sitt tydelege preg på Årdal. Ungdommen vår held fram med å profilere seg på nasjonalt nivå, gjennom det gode arbeidet den vidaregåande skulen legg ned innan entreprenørskap. Eg konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Dei tre siste åra har ungdomsbedrifter frå Årdal teke førsteplassen i fylket, og oppnådd strålende resultat i nasjonale kåringer. I 2018 vann EarthCase, og i 2019 var det LifeBag som stakk av med sigeren.

Årdal Utvikling vil halde fram med det gode samarbeidet med Årdal vidaregåande skule, for å sikre at entreprenørskap blir satsa på i framtida.

I rapporten frå 2018 finn du også presentasjonar av bedrifter, vi ønskjer å trekke fram. Desse representerer ulike bransjar, som viser litt av variasjonen i næringslivet vårt.

## 4. Korleis jobbar me?

### Organisering

I 1983 arbeidde Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet ut ein rapport om næringsutviklinga i Årdal (Smedalrapporten). Det vart då vedteke å etablere eit tiltakskontor som sjølvstendig juridisk eining i Årdal. Det vart vidare vedteke at tiltakskontoret skulle organiserast som stifting. Det var brei semje om at tiltakskontoret ikkje berre er ei kommunal oppgåve. Trongen til raske avgjerder og tett samarbeid mellom det lokale næringsliv, bankane, kommunen og fagrørsla var grunngevinga for å skipe ei sjølvstendig juridisk eining. Dei same tankane låg også bak samansetjinga av styret i tiltakskontoret. Næringsarbeidet har i 30 år vore organisert etter denne modellen. Oppgåvene og arbeidsmetodikk har nok endra seg litt over tid, men det grunnleggande kravet om sjølvstendig juridisk eining som skulle ha ein fri stilling i høve kommunen sine meir forvaltningsretta oppgåver, har heile tida lege fast.

### Strategiske planar

Årdal kommune vedtek ein kommuneplan som har ein samfunnsdel og ein arealdel. Denne planen er overordna alle andre planar i kommunen. Her vert dei overordna måla sett, som alle skal jobba mot. Strategisk Næringsplan (SNP) er ein 4-årig kommunedelplan som skal konkretisere dei meir overordna måla som er sett i kommuneplanen. I tillegg vedtek ein saman med SNP ein Handlingsplan for komande år. Handlingsplanen bryt måla ned i konkrete prosjekt og aktivitetar. Kommunen har engasjert Årdal Utvikling til å gjennomføre SNP med handlingsplanen. Det er likevel viktig å presisere at det er kommunestyret sin plan, og


det er dei som vedtek kva område ein skal jobbe med. I arbeidet med SNP må Årdal Utvikling (ÅU) arbeide tett saman med kommuneorganisasjonen og næringslivet både lokalt og nasjonalt. I tillegg må ÅU ha tett samarbeid med regionale og statlege verkemiddelaktørar som SIVA og Innovasjon Norge.

### ÅU sin strategi

Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Alt strategiarbeidet vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.

### Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, så har også ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplaner vert tilbydd hjå ÅU. I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikhtar mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg. Årdal Utvikling utarbeider også rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser.





Rolf Ole Kleiven styrer ei stor verksemd frå kontoret på Årdalstangen, men aller best likar han å være ute der det skjer noko.

### Klimaendringar og nye forskrifter gir arbeid

Det kjem nye damforskrifter kvart tiande år. Og når dei tek høgde for auka nedbør, dryp det ein heil del på entreprenøren Kleiven Sogn også.

– Det er no nesten litt for gale å ta igjen anlegg me har levert, etter berre ti år. Men når forskriftene krev det, må kraftselskapa berre innrette seg.

Rolf Ole Kleiven fortel om kraftutbyggingane dei har arbeida med den siste tida. Ved Berdalsvatnet har det vore engasjert i ein ny overløpsdam, på eit anlegg dei også var med på å bygga.

Grunnen er nettopp at dei nye forskriftene tek høgde for klimaendringar og auka nedbørmengd i åra som kjem.

Oppdragsgjeveren var Østfold Energi, som driv kraftstasjonen i Vikadalen. Også i Fossdalen har Kleiven Sogn gjort arbeid på ein dam knytt til dette kraftanlegget:

#### Artigaste jobben

– Det er no kanskje ein av dei artigaste jobbane me gjorde i 2018. Oppgåva var å støypa ei ny luke på dammen. Me må jo opp via Brendberg/Eldegarden, og alt må fraktast inn med helikopter. Det er krevjande, med mykje planlegging av logistikken, og det er nok litt ekstra artig, ja, fortel Rolf Ole.

Det er truleg fleire grunnar til at Kleiven Sogn får desse krevjande oppdraga. For det første er dei eitt av få firma som er godkjent i dei høgaste klassane innan dam- og kraftutbygging. Det krev både utdanning og erfaring. Dessutan er det eit lite fagmiljø innan dette feltet:

– Det er no ofte dei same konsulentane som går igjen i fleire prosjekt, så dei kjenner oss gjerne frå før, ja, og dei veit nok kva me kan levera.

#### Store bygg utanfor bygda

Kleiven Sogn har i alle år hatt mykje arbeid utanfor Årdal. Kor mykje, har i praksis variert med oppdragsmengda frå Hydro. Når me ser på 2018, kan Rolf Ole til dømes sjå attende på prosjekt som rehabilitering av svømmehallen i Aurland, og nybygg og rehabilitering av Lærdal bu og omsorgsheim.

– Men det var no spesielt kjekt å bli involvert i bygginga av Montér-bygget på Kaupanger.

Det er vel det største byggeprosjektet i Indre Sogn akkurat no, fortel Rolf Ole.

Spørsmålet er om det kanskje er ei ulempe å ha utgangspunkt på Årdalstangen, når cirka 50% av jobbane er utanbygdes?

– Frå gamalt av, då me ikkje hadde verken elektronisk kommunikasjon eller mobiltelefonar, var det ein stor fordel å ha kontor her, i gåavstand til Rådhuset og Hydro-administrasjonen. Men for dei jobbane me snakkar om no, må i praksis alle andre også reise. Så nei, me kjem til å bli verande på Tangen, konstaterer Rolf Ole.

#### Tillit og open bok

Heime i Årdal er Storevegen 25 eit spanande prosjekt som Kleiven Sogn er involvert i, kanskje spesielt sidan dei her jobbar etter ein sokalla «samspillkontrakt».

– Me ferdigstilte det nye Hydeq-bygget i fjor, også det etter «samspillkontrakt». Det

betyr at kunden berre stiller spørsmålet: Kan de levere eit slikt bygg? Når me svarar 'ja' og tek jobben, tek me også ansvaret på å planlegga absolutt alt. På Hydeq-bygget brukte me eit år på planlegginga. Sjølve bygginga gjekk på berre eit halvt år.

Rolf Ole fortel at denne måten å arbeida på, krev tillit. Dei opererer med open bok ovanfor oppdragsgjever – kunden får altså fullt innsyn i heile rekneskapan knytt til prosjektet.

– Dei set grenser, me leverer. Det er ein effektiv måte å jobbe på, avsluttar Rolf Ole Kleiven.



Hydeq-bygget

# Årdal møter Vestland

Årdal Utvikling vil etablere eit nytt utviklingsprosjekt saman med næringslivet i Årdal

Frå 1.1.2020 er me ein del av Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen skal framleis ha dei oppgåvene vi har i dag: vidaregåande skular, regional utvikling og planlegging, kultur, samferdsel, tannhelseteneste, folkehelsearbeid. I tillegg skal vi få fleire nye oppgåver som skal utvide og utfylle fagområda der fylkeskommunane allereie i dag har eit ansvar, og styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

For å utvikle levedyktige og attraktive stader er det viktig å sjå busetjing, arealutvikling, kommunikasjon og regional utvikling i samanheng. Her kan det regionale folkevalde nivået spele ei viktig rolle. Vi har hatt store utfordringar med eit forvaltningssystem inndelt i sektorar og eit fragmentert verkemiddelapparat med ulike geografisk inndeling som ikkje er innretta for å handtere desse utfordringane på ein heilskapleg måte. Både landet og regionen vår står overfor store utfordringar knytte til omstilling. Lukkast vi med den nye fylkeskommunen Vestland, vil vi saman kunne møte utfordringane på ein betre måte.

Fylkeskommunane skal setje i verk eigen politikk, men også nasjonal politikk i ein regional kontekst. Rolla som samfunnsutviklar blir utøvd i samspel med staten og kommunane. Denne rolla blir styrkt gjennom regionreforma. Det er opp til kvar og ein av oss om vi vil utnytte handlingsrommet vi no har fått.

## Nye vener

Historisk har Årdal dyrka samarbeid med dei andre kommunane i Sogn og fylkesgrensa har vore ei sperre for å dyrke venskapen til nabokommunane vestover. Bergen er no også byen vår, og det er på vegen mot Bergen vi no må bygge dei gode utviklingsstrategiane til Årdal. Når fylkesgrensa no er borte, kan vi styrke samarbeidet med dei mange innovative næringsklyngene som Voss, Odda og Osterøy. Plutseleg er den vidaregåande skulen vår og den vidaregåande skulen på Voss i same fylke, kva utviklingsstrategiar opnar seg? Næringsklynga i Årdal og næringsklynga i Osterøy er begge nodar i Norsk Katapult. Korleis kan vi saman utnytte dette?

## Kompetanse og innovasjon saman med nye vener

Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regionalt og nasjonalt. Lokalt næringsliv vil ha behov for kompetent arbeidskraft både til utvikling og «dagleg drift» Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet er begge i vårt fylke. Korleis auke samhandlinga med desse kompetansmiljøa?

Vestland fylke vil gi fylkespolitikarane eit langt større ansvar - og nye mogelegheiter- for å gi fleire fagbrev og gi tilsette oppdatert kompetanse gjennom eit heilt arbeidsliv. For 40 år sidan tok ein utdanning og kunne stå i same jobb livet ut. No vil dei aller fleste i arbeidslivet skifte jobb fleire gonger før oppnådd pensjonsalder, fordi dei må eller vil. Mange som i dag startar på eit utdanningsløp, skal jobbe i yrker som i dag ikkje eksisterer. Kva utfordringar møter vi for å gi dei rett kunnskap?

I Vestland fylke må frivillige organisasjonar, privat næringsliv og offentleg sektor bli betre på å jobbe tett og forpliktande i gode nettverk. Saman kan vi utvikle Norges viktigaste region gjennom eit sterkare og meir forpliktande samspel mellom eit aktivt og større folkevalt organ og ulike fagmiljø i privat og offentleg sektor. For Årdal betyr det at vi aktivt må etablere tettare relasjonar til kompetansmiljø i tidlegare Hordaland.





Willy Jensen har vor aktiv i bransjen sidan 1973. Han meiner at nettopp erfaringa og kvaliteten på den jobben som blir gjort, er det som er viktig – ikkje papirkvalifikasjonar.

### Tillit og gode relasjonar

Erfaring og stå-på-kraft gir resultat. For Willy Jensen og Årdal Blikkenslagerservice AS gav det ein auka omsetnad i 2018 på over 20%.

Det slår Willy Jensen tydeleg fast, på bakgrunn av eigne røynsler. Han har nemleg jobba med blikk, beslag og takteking sidan 1973. I 1993 overtok han firmaet som skulle bli til Årdal Blikkenslagerservice AS, som i 2018 hadde eit av dei beste resultatane nokon gong. Men noko særleg formell utdanning, det har han ikkje.

Spesielt etter at dei utvida verksemda

til også å setja opp stålbygg tidleg på 2000-talet, har behovet for praktisk kunnskap kontra teori og papirreferansar, stått som eit paradoks for Willy.

– Det viktige er å tenka jobb og kvalitet. Og så må ein ha dei rette samarbeidspartnarane og ha gode relasjonar til dei, slik me til dømes har med Kleiven Sogn.

#### Gode relasjonar

De gode relasjonane kjem mellom anna av måten Årdal Blikkenslagerservice utarbeidar tilbod på. Dei er kanskje ikkje først ute, men når det kjem noko frå Willy, er alt gjennomtenkt på detaljnivå, slik at jobben også kan gjennomførast til den prisen. Det set samarbeidspartnarane pris på.

Då er det mindre viktig at Willy Jensen ikkje har skuffa full av sertifiseringspapir, og dermed ofte må jobbe under andre firma som har dei nødvendige formalitetane på plass.

– Det gler meg at det framleis er aksept for erfaring og at det er kvaliteten på den jobben som blir gjort, som betyr noko – ikkje berre papir, seier Willy.

#### Store prosjekt

Dei gode relasjonane har resultert i mange store prosjekt dei siste åra: praktbygget til Statens Vegvesen på Hermannsverk, IKEA i Åsane, Toyota i Førde og ikkje minst det nye Montér-bygget som no blir sett opp på Kaupanger.

Årdal Blikkenslagerservice har hatt oppdrag frå Lofoten til Stavanger. Spørsmålet er sjølvsagt kvifor eit lite firma

frå inst inne i Sognefjorden blir brukt så langt unna?

– Det handlar først og fremst om tillit i marknaden. Me har ikkje brukt ei krone på marknadsføring. Men me møter jo mykje kjekke folk ute på jobb, og da går no praten. Det er gjerne slik førespurnadene kjem, fortel Willy.

#### Høgdepunkt i 2018

Av høgdepunkt i 2018 trekk Willy fram den nye brøyttestasjonen på Holsbru, jobbar dei har gjort for Hydro, den nemnte oppstarten på Montér-bygget og Sogndal Sosial og Omsorgsenter.

– Omsorgsenteret i Sogndal er eit signalbygg, det blei verkeleg flott. Men det var tekniske utfordringar med blikk-jobben, det gjorde arbeidet litt ekstra interessant, seier Willy  
W



Line Moen, dagleg leiar i Fagmøbler Årdal.

## – No peikar pilene rette vegen!

Tomme butikkvindauge midt på torget er tråsig. Men frå mai 2016 har det igjen vore liv i butikklokalet på 1000 m<sup>2</sup> under Samhold. Og i 2018 har Fagmøbler i Øvre Årdal hatt ei fin utvikling. Det er truleg svært viktig, også for anna handelsnæring.

– Me må ha ein møbelbutikk i Årdal! Dette er noko av det første Line Moen fortel når me kjem inn på bakgrunnen for møbelsatsinga i dei gamle Coop-lokala. Ho har nemleg vore med frå starten, saman med to andre lokale medeigarar, men først i 2018 tok ho også kommandoen, som dagleg leiar på butikkgolvet.

Etter nokre år som lærar ved Årdal vidaregåande skule, har ho nemleg permisjon for å driva butikken sjølv.

– Det krevst mykje for å få ein slik butikk opp og gå, det er klart. Men eg likar å jobba, så det går bra, spesielt når ting går rette vegen i bygda, slik som no.

Det kjem tydeleg fram at engasjementet til Line ikkje berre er knytt til å få eigen butikk til å gå rundt, men at det er samspelet i handelsnæringa som er det overordna viktigaste for ho:

– Me har jobba hardt for å koma dit me er i dag, men det har andre også. Og til saman gjer dette det meir interessant for alle oss

om bur i bygda å handla lokalt; at ikkje me må til Sogndal for å skaffa både eitt og hitt.

### Fagmøbler: «Litt lokal»

Kjeda Fagmøbler har utspring frå Sandane, noko som ifølgje Line gjer tilnærminga deira «litt lokal». Det kjem til uttrykk gjennom ein tett dialog med leiinga og at butikkgründerane i Årdal har ei kjensle av å snakka same språket som kjedegründerane i Nordfjord.

– Fagmøbler er også i sterk vekst, noko som er spanande å vera ein del av, fortel Line.

Noko av det Fagmøbler truleg er best på i Noreg, er sofaer som kunden kan setja saman sjølv etter modulprinsippet. Her kan kundane vri og venda på alle byggeklossane, med stor fleksibilitet, slik at dei får resultatet akkurat slik dei vil ha det. Det heile blir gjort i eit 3D-dataprogram og vist på ein stor skjerm i butikken.

– Dessutan er det viktig for oss å visa fram heilskaplege interiørkonsept, ikkje berre enkeltmøblar, noko me er medvitne på både i butikkutstillinga og i kundeavisene, seier Line.

Fagmøbler Årdal: Meir enn standard – Men me har også eit litt anna sortiment enn standardbutikkane. Lamper finst ikkje elles i bygda, og utvalet av interiørartiklar er heller ikkje så rikhaldig, akkurat. Derfor har me eit større utval enn dei andre kjedebutikkane på desse områda.

Line innrømmer at ho gjerne plukkar ut ting ho likar sjølv til utvalet av interiørartiklar, og at det er viktig å ha noko å tilby unge og trendy Årdøler.

Neste utviklingsområde er kontormøblar. Det heng saman med at Fagmøbler Årdal får ein ny tilsett som har erfaring og kompetanse på akkurat dette, noko som er naturleg å gjera seg nytte av.

### Utkøyring og montering


I konkurransen med andre aktørar, til dømes i Sogndal, er det viktig å nytta dei lokale føremonnene: Fagmøbler Årdal tilbyr både utkøyring og montering av alt dei sel, også om det er til ei hytte på Filefjell.

– Framover blir det viktig å også nå marknader utanfor bygda. Hytteutbygginga både i nærområdet og i nabokommunar er interessant, og då passar det godt at me har eit eige inspirasjonsmagasin med hytte som tema, avsluttar Line Moen.



# Analyse Årdal 2018

FOLKETALSUTVIKLING ÅRDAL KOMMUNE, 2007-2019 (01.01)



Figur – data SSB, folketal pr 01.01 i kalender år


## Folketalsutvikling

Utviklinga i folketalet i Årdal har i 2018 hatt ein nedgang på 32, (0,6%) som følge av negativt fødselsoverskot og større utflytting enn innflytting. Sjølv om utviklinga i næringslivet er positiv tek det tid før dette vil kunne påverke folketalsutviklinga og auka tilflytting. Trenden i norske distriktskommunar er tilsvarande som for Årdal.

## Syssetting

Årdal har eit næringsliv som er konjunkturutsatt. Det har ein sett etter finanskrisa som slo inn i Årdal først i 2012. Utviklinga siste åra har stabilisert seg og vi har fått ein fin vekst i 2018 i syssettinga i Årdal. Det er ein vekst på 66 arbeidsplassar (2,5%) i 2018 som kjem hovudsakleg frå industrien (27), handel og forretningsmessig tenesteyting. Dette bekreftar den utviklinga vi opplev i Årdal som fortset inn i 2019, og med vekst planar i deler av industrien vil ein forvente vidare vekst.

SYSSELSETTINGSUTVIKLING ÅRDAL 2008-2018




Figur – data SSB, syssette etter bustad og arbeidstad 1424 Årdal

## Utvikling næringslivet i Årdal

Ved å følgje utvikling i omsetnad for dei 50 største bedriftene i Årdal som har tilgjengelege offentlege data i Brønnøysund registra kan vi sjå utviklingstrender. Vi får då ikkje data frå dei store industriverksemdene som Hydro, Norsun, Bilfinger samt dei nasjonale handelskjedene. Vi kan likevel sjå nokre utviklingstrekk.

OMSETNADSUTVIKLING UTVALDE BRANSJAR  
Utvikling 3 utvalde bransjer basert på samla omsetnad 2008-2017




Figur – data BISNODE og Brønnøysund, omsetning 50 største bedrifter tilgjengelig data i Årdal

## Omsetnadsutvikling utvalde bransjar:

Vi har valgt å plukke ut nokre bransjar som vi føler utvikling på i grafen. Vi ser vi at bransjane reparasjon av maskiner (mekanisk industri) og handelen har hatt ei veldig positiv utvikling siste åra som underbygger syssettingsveksten. Bygg og anlegg svingar noko meir knytt til lokal/regional aktivitet.

OVERSIKT RESULTATGRAD TOPP 50 SELSKAPER ÅRDAL 2008-2017



Figur – data BISNODE og Brønnøysund, omsetning 50 største bedrifter tilgjengelig data i Årdal


## Lønnsemd største selskap Årdal:

Ved å sjå på lønnsemda i dei same 50 selskapa ser vi at andel av bedrifter med positive resultat har auka frå 60% i 2012 til 88% i 2014. Denne har siste åra lege rundt 80%, medan ca 50% har hatt resultatgrad over 5%. Det er viktig at næringslivet lokalt har god lønnsemd som er viktig for å kunne utvikle seg vidare. Oversikten viser korleis næringslivet lokalt blir påverka av konjunktur svingingar.

## Nyetableringar:


Årdal har hatt ei positiv utvikling i tal nyetableringar i perioden frå 2013 til 2018. Det er svingingar det enkelte året, men trenden er at det blir etablert fleire bedrifter. Dette har vi sett i perioden gjennom mange personar som ynskjer å starte eiga bedrift og det er positivt for å få ei større breidde i næringslivet.

TOTALT ANTALL NYETABLERINGAR I ÅRDAL KOMMUNE 2013-2018



Figur – data SSB, nyetableringar Årdal

UTVIKLING ORDINÆR SKATT TIL PRIMÆRKOMMUNEN



Figur – data SSB, skatteinngang primærkommunen Årdal

## Skatteinngang Årdal:

Den positive utviklinga i næringslivet i Årdal ser ein og gjennom den auka skatteinngangen til Årdal kommune. Dette er skatt som kjem hovudsakleg på alminneleg inntekt frå dei som er syssette og busett i Årdal. Utvikling i syssetting og lønnsnivå vil ha påverknad på denne. Det har vore ein vekst i skatteinngangen til kommunen på 26,5% sidan 2009, og ein vekst på 21,4% sidan 2014.



Bilde + tekst: Noregs råaste brøytebil, ein Scania med 730 hk.

## Ras og rekordar

2018 starta med eit stort ras. Sidan har jobbane berre halde fram med å rase inn – utan at Olav O. Hæreid har brukt ei krone på marknadsføring.

Olav Birger Hæreid står på kontoret til teknisk sjef på kommunen. Dei høyrer rumling ute langs fjorden og ser ut vindauga. Det rasar, eit stort ras også, men begge tenker at det går vel på utsida av tunellen. Det er jo derfor tunellen er der.

Det går eit halvt minutt, så ringer alarmtelefonen. Både teknisk sjef og Olav

Birger hiv seg i bilane. Synet som møtte dei er velkjent. Biletet som dei fleste nyheitsmedia brukte om hendinga, var nemleg teke av Olav Birger.

Dei fleste hadde sjølvsagt ynskt at det blei sett i gang graving med det same. Olav Birger også, men her måtte det ventast på geolog og spyling av lausmassar oppe i fjellsida, før

det var trygt å setja folk på jobben. Når først maskineriet til Olav O. Hæreid fekk sleppa til, gjekk det raskt å få opna vegen.

### Styremøte rundt kjøkenbordet

Entreprenørfirmaet i Hæreidsvegen 15 må vera noko nær definisjonen av ei familieverksemd. I dag står andre og tredje generasjon Hæreid for den daglege drifta,

og fjerde generasjon (Tomas Olav, 1 år) har allereie fått strikka seg arbeidsklede i riktig farge, med O.O.H på ryggen.

– Det meste blir bestemt her, rundt dette bordet, slår Anne Kathrin L. Hæreid fast. Ho siktar til kjøkenbordet i Hæreidsvegen.

– Me har vel «styremøte» omtrent kvar gong me et middag, legg ho til.

Når spørsmålet er kva som var høgdepunkta i 2018, renn forslaga inn frå alle som er til stades. Det kunne truleg blitt skrive ei heil bok berre om aktivitetane no siste år.

### Noregs råaste brøytebil

For Torstein O. Hæreid er den nye brøytebilen noko av det han nemner først: – Ingen kunne levere det me ville ha: firehjulstrekk og tipp. Derfor spesialbestilte me ein hjå Scania, med 730 hk, retarder og mellomgir. Motoren kom høgt i ramma på grunn av firehjulstrekket, så me sit høgt og har god oversikt, forklarar Torstein.

– Me måtte jo søka for å få han godkjent òg, legg Ann Kathrin til.

Med denne bilen i spissen, har Olav O. Hæreid halde ein strøken standard på strekninga Fodnes–Tyinkrysset: – Tilbakemeldingane på brøytinga over Årdal–Tyn er veldig gode, ja, det er kjekt å høyre, innrømmer Olav Birger.

### Arbeidarane er grunnlaget

Olav O. Hæreid har også ansvaret for brøytebestillinga på strekninga frå Fodnes og til Øvre Årdal, og til saman er 12 mann engasjerte berre i denne delen av verksemda.

– Arbeidarane er sjølve grunnlaget for det me driv med, og dei må også vera nøgde med arbeidsforholda, det er viktig for oss, poengterer Anne Kathrin.

Med ein nyslått firmaeigar (Torstein) i velbrukte arbeidsklede ved kjøkenbordet, og sjefen sjølv (Olav Birger), som ifølgje seg sjølv ofte får «skitjobbane», har Olav O. Hæreid ein flat struktur, som nettopp gir eit godt samhald og arbeidsmiljø.

### Høgdepunkta i 2018

Den viktigaste milepælen i 2018 var nettopp at Torstein og broren Jørgen O. Hæreid gjekk inn som eigarar, med 30% kvar. I tillegg nemner Olav Birger store jobbar for Hydro, alle hyttetomtene dei har gjort klare på Filefjell, men også dei mange hageprosjekta dei har gjort for privatkundar nede i byda.

– Den jobben me gjorde i Børtnes, var stas, den synast eg blei veldig bra. Der hadde me både husriving, utgraving av tomt, boring, sprenging og muring, fortel Torstein.

Dressen som bestemor Anne Kathrin strikka til Tomas O., blir også

nemnt, og ikkje minst gleda over at internerkrutteringa er god

– Og så var no det at ho Kristin (R. Veheim) byrja i august, eit klart høgdepunkt òg. No slepp kundane å venta så lenge på å få faktural, slår Olav Birger fast.

### Rekordår

Olav O. Hæreid arbeider etter mottoet «jobben er ikkje gjort før kunden er nøgd». Ein kikk på Facebook-sida deira tyder på at dei leverer dette i praksis også: Gjennomgangstonen til dei som gir tilbakemelding der, er «Så bra det blei!», «Godt jobba!», men også at dette var heilt som forventa.

I rekneskopen betyr denne innsatsen og aktiviteten at 2018 blei eit rekordår, men som Olav Birger nærmast nemner i forbifarten: «det har det vel vore kvart år...».

Nøgde kundar er også den beste marknadsføringa, det er grunnen til at Olav O. Hæreid ikkje treng å bruka tid og ressursar på det. Arbeidsmengda er tilstrekkeleg likevel: – Ein bergensar med hyttetomt på Filefjell såg det gode arbeidet me gjorde i nærområdet, og ville dermed ha oss til å utføra ein jobb for han i Bergen. Det var ein stor og lærerik jobb, og me håpar på fleire slike, avsluttar Olav Birger Hæreid.





Erling Eggum ser fram til årets sommarsesong: Det ligg an til rekord i tal turistgrupper, og når M/B Tya ligg ved Årdal Sjøfront, vil det pryde utsikta frå frukostrestauranten til hotellet.

### – Heilheiten er begynt å fungera

Erling Eggum tenkjer ikkje berre på eige hotell, eller avleggjarar som Sitla og Vetti Gard. Han snakkar om Årdal som turistdestinasjon: – 2019 ligg an til å bli det beste året nokon gong! Og Årdal Sjøfront har eit ess i ermet som skal være klart til 17. mai.

Erling sit og ser utover ein litt marsgrå Årdalsfjord. Båthamna er tom, men det er arbeid på gang: Det blir laga ny kai plass til M/B Tya, den gamle verksbåten, som no er til restaurering ved Ornes Båtbyggeri.

– Det blir eit høgdepunkt å få den på plass, både for meg og hotellet, men eg trur det blir eit høgdepunkt også for årdølene, seier Erling.

Den staselege trebåten frå tidleg 50-tal vil bli ein del av utsikta frå frukostrestauranten på Klingenberg, men også gi nye moglegheiter for attraktive produkt for gjestane som vitjar bygda.

– Du veit, du skal ikkje så langt utpå her før du ser Storen. Med ein god guide, litt «norsk tapas» og kanskje ein smak av vårt eigenbryggja kornøl, er mykje på plass

for ei god oppleving, meiner den røynde hotellmannen.

#### 1982: To turistgrupper

Erling har vore hotellvert på Tøngesund sidan 1982. Den sommaren kom det berre to grupper med turistar gjennom heile sesongen, minnst han, og i mange år

var Klingenberg Hotel først og fremst eit forretningshotell. Det har endra seg mykje berre dei 4-5 siste åra.

– Det er mange aktørar som er komne på bana. Offerdalen er eit trekkplaster, og sjølvsagt Utladalen og Vettisfossen. Her har Årdal Utvikling gjort en god jobb med å tilretteleggja, og heilheiten er no begynt å fungera, seier Erling.

Planen er å ha nye pakketilbod klar til sommaren, som mellom anna inkluderer M/B Tya med kopling til Offerdalen.

2018: To TV-høgdepunkt  
Året me no stemplar ut, hadde mange høgdepunkt for reiselivsnæringa. Målrock er blitt ein fast tradisjon, og Fjord til Fjell-festivalen i fjor var truleg ein av dei beste nokon gong:  
– Det var så mykje folk, veit du, og godt vær, minnst Erling.

Dei to mest spanande hendingane i 2018, som truleg får ringverknader for årets sesong, er likevel TV-produksjonar: 71 grader nord la turen innom Årdal, og jammen kom ikkje Lars Monsen med Sommeråpent til Svalheim, han også.  
– Spesielt på direkte nettsal til privatkundar håpar vi at denne eksponeringa skal ha ein effekt, seier Erling.

Asiatiske grupper på Sitla  
For å få grupper med internasjonale turistar på plass, er det derimot fleire verkemiddel som må til. Viktige stikkord er aktivitetar og profilering, og her har Torunn Laberg i Bulder og Brak ei sentral rolle.

– Torunn var jo tilsett hjå oss og laga mykje materiale for nettet og profilering på Facebook. Me leiger ho framleis til slike jobbar. Det har hatt ein tydeleg effekt og vore utruleg viktig. At ho no leverer

spanande opplevingstilbod gjennom eige firma, bidreg til eit løft. Bygda vert framheva, meiner Erling.

Sitla Hotel er for tida stengt, men det er grunna oppussing. Målet er å ha fem nye rom klare til turistsesongen startar. Arbeidet må være klart til 1. mai, for då kjem den første gruppa med asiatiske turistar.

– Ja, alt tyder på at 2019 blir det beste turiståret nokon gong i Årdal, gruppebookingane gir signal om det. Dei første gruppene er på plass her på Klingenberg allereie no i mars, seier Erling Eggum.



# Driftsåret 2018

## Gjennomføring av handlingsplan 2018

Årdal Utvikling utarbeidet forslag til Handlingsplan 2018, som vart vedteke i kommunestyremøte i desember 2017. Styret i Årdal Utvikling har prioritert tiltaka i Handlingsplanen for 2018 innanfor dei rammene som kommunestyret løyvde for 2018.

Eit viktig mål for Årdal Utvikling er å doble løyvinga på innovasjonsmidlar frå Årdal kommune på 5,2 MNOK. Konkret var målet i 2018 å skaffe 10,4 MNOK frå andre, slik at det totale beløpet knytt til innovasjon vart kr 15,6 MNOK. Desse midlane ville ein prøve å skaffe frå næringslivet og løyvingar frå regional og nasjonale innovasjonsordningar som t.d. Innovasjon Norge. Vi har valt å halde løyvingar til Hydro utanfor, men resten av næringslivet er med.

I 2018 fekk Årdal Utvikling 5,2 MNOK frå Årdal Kommune og næringslivet fekk tilgang til 87.483.000,00 i innovasjonsmidlar. Dette er eit historisk høgt resultat, og vi kan berre gratulere næringslivet i Årdal med at dei jobbar godt på innovasjon og nyskaping. Det meste av desse midlane er knytt til prosjekt som Årdal Utvikling i ulik grad er med på.

Det mest gledelege med dette, er at vi alt no kan fastslå at Årdal vil doble dette talet i 2019 til over 200 MNOK. I frå å vere ein gjennomsnittskommune på tilgang til innovasjonsmidlar for nokre år sidan, er Årdal no best i klassen.

Dette målretta arbeidet gjev seg utslag på mange måtar. Vi vil spesielt trekke fram det gode innovasjonssamarbeidet Årdal vidaregåande skule gjer. Vi konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Dei tre siste åra har ungdomsbedrifter frå Årdal teke førsteplassen i fylket, og oppnådd strålende resultat i nasjonale kåringar. I 2018 vann EarthCase, og i 2019 var det LifeBag som stakk av med sigeren. Elevane og lærarane jobbar veldig bra, og vi har god tru på ei flott plassering i den nasjonale tevlinga i april. I ÅU har vi god tru på at LifeBag kan utvikle seg til å bli eit kommersielt selskap. Etableringa av SITEP AS og strategiarbeidet i Sogn Opplæringskontor, gjer at desse to bedriftene saman med Årdal Utvikling, no utgjer ei kraftfull eining knytt til innovasjon i kommunen.

## 1. Lønsame arbeidsplassar

Drift av førstelinetjeneste	2018-2020	1,0
Utviklingsprosjekt inntil 5 lokale bedrifter som skal sikre god lønnsmed for vidare ekspansjon.	2018	0,5
Organsiering av næringsarbeid	2018-2020	0,4

### Resultat: Strategipunkt 1 er gjennomført.

Drift av førstelinetjenesta femner om alle spørsmål om hjelp frå næringslivet i Årdal. Aktiviteten har vore aukande i frå 2014 og

fram til no. Det skuldast truleg at oppgangen i næringslivet starta forsiktig i 2014 og sidan har vi hatt ein jamn og god aktivitet. Vi trur framleis at denne veksten vil halde seg fram mot 2021, og truleg også etterpå, viss planlagde prosjekt vert realisert.

Førstelinja har handsama 29 saker knytt til nyetableringar og større endringar i eksisterande bedrifter i Årdal. Dette er mindre bedrifter som treng hjelp til «papirarbeidet», men og rådgjeving knytt til vedtekter, styresamansetnad, fisjon/fusjon, endring av aksjekapital og så vidare. Tenesta vert utført av dei tilsette i Årdal Utvikling.

Når det gjeld utviklingsprosjekt knytt til lokale bedrifter har vi prioritert SITEP AS og Sogn Opplæringskontor (SOK) med å få på plass eit strategisk fundament for vidare vekst. I tillegg har vi fått på plass finansiering frå innovasjon Norge til ein del lokale bedrifter. Bedriftsretta tilskot vert det mindre av for kvart år, og vi vil tru at etter første kvartal 2019, er det heilt slutt med slike tilskot. Unntaket vil vere ungdomsbedrifter knytt til samarbeidet med den vidaregåande skulen. Her vil innsatsen auke i åra som kjem.

For 2018 er det tildelt kr. 199.125,- i bedriftsretta tilskot fordelt på 14 bedrifter, der 8 av dei er ungdomsbedrifter og 6 er innan service og tjenesteyting.

Prosjekt organisering av næringsarbeidet har vore nedprioritert i 2018, då vi har vore pressa på kapasitet heile året. Administrasjonen har difor levert ein forstudierapport til styret i ÅU. Styret ser det ikkje som naudsynt å gå vidare med eit forprosjekt i 2019, då konklusjonen i forstudierapporten er veldig klar. Vi viser i denne samanhengen til tilrådingar frå Distriktsenteret knytt til organisering av næringsutviklingsarbeidet. Årdal held seg godt innfor dei tilrådingane som dei gjev. Det er ingenting ved dagens organisering som skapar hinder for det utviklingsarbeidet vi skal gjennomføre, snarare er det slik at dagens organisering gjev utviklingsarbeidet gjennomføringskraft.

## 2. Helse

Forstudie "Bacecamp Årdal" - rehabilitering, folkehelse og førebygging

Forstudie for å posisjonere Årdal mot store helseføretak i den norske marknaden

### Resultat: Ingen aktivitet

Satsing på helsemarknaden er ein del av Strategisk Næringsplan som kommunestyret har vedteke. I handlingsplanen for 2018, vedtok kommunestyret ingen aktivitetar knytt til dette satsingspunktet. Årdal Utvikling har difor ikkje aktivitet knytt til satsing på helsemarknaden.

## 3. Kompetanse og innovasjon

Styrka fagutdanning og rekruttering til Årdal vidaregåande skule	2018-2020	0,1
Etablere ein årleg "Kunnskapsdag i Årdal"	2018-2020	0,1

### Resultat: Strategipunkt 3 er gjennomført

Dette handlingspunktet er styrka gjennom at kommunestyret har vedteke ein eigen kompetansestrategi som konkretiserer arbeidet innfor kompetanse og innovasjon. Arbeidet med kompetansestrategien har vore så omfattande i 2018, at ein del mindre aktivitetar er skyvd til 2019 og 2020. Å styrke fagutdanninga ved den vidaregåande skulen, er ein aktivitet som pågår heile tida. Ein viktig del av dette arbeidet vil vere å samarbeide tett om bruken av øvingsfabrikken som SITEP etablerer i Årdal Teknologipark og etablering av eit prøvesenter. Ein annan viktig aktivitet er utveksling av lærarkrefter mellom skulen og næringslivet. SOK vil vere eit viktig instrument i dette arbeidet.

## 3.1. Kompetansesenter

Legge til rette for etablering av kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor	2018-2020	0,45
- Kompetansetiltak retta mot næringslivet		
- Attraktive undervisningstilbod til grunnskulen og vidaregåande		
- Etablering av prøvesenter for læringar		
Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø		

### Resultat: Strategipunkt 3.1 er gjennomført

Strategiprojektet knytt til utvikling av Sogn Opplæringskontor er fullført. Sogn Opplæringskontor skal no starte opp med omfattande kursaktivitet knytt til kompetansetiltak i næringslivet. Denne aktiviteten, vil bli knytt tett saman med eit godt samarbeid med den vidaregåande skulen. I samband med realiseringa av øvingsfabrikken i Årdal Teknologipark, vil vi få ein felles arena for kompetanseutvikling mellom næringslivet og lærlingutdanninga ved den vidaregåande skulen. Det vil også bli etablert ein arena for høgskuleutdanning i tett samarbeid med universitet/høgskulesystemet, fagskulane og kompetansmiljø i næringslivet. Næringslivet i Årdal skal gjennom eit omfattande kompetanseløft i åra som kjem. I Årdal Teknologipark vil vi no få den naudsynte infrastrukturen som kan realisere dette arbeidet.

Eit tett samarbeid med næringslivet, kommunen og fylkeskommunen har vore ein føresetnad for å realisere dette prosjektet. Vi er spesielt imponert over den viljen næringslivet har synt. Det har vore avgjerande for å få landa prosjektet på ein god måte.

## 3.2. Innovasjon og teknologi

Legge til rette for etablering av selskapet SITEP AS (Senter for Innovasjon, teknologi og prosess)	2018-2020	1,7
- Rekruttering av teknologi og prosjekt kompetanse til SITEP AS		
- Teknologi/test senter med relevant utstyr, aktivitet og tenester		
- Utvikle nettverkssamarbeid med SINTEF Raufoss og andre relevante teknologi og kompetansmiljø		
Legge til rette for stipendiat stillingar og bruk av studentar		


### Resultat: Strategipunkt 3.2 er gjennomført.

SITEP AS er etablert med følgjande eigarstruktur:

Aktor	Aksjekapital	Andel
Årdal Utvikling	250 000	31,25 %
Kunnskapsparken SFJ AS	100 000	12,50 %
SINTEF Raufoss Manufacturing AS	100 000	12,50 %
Hydro Aluminium AS	100 000	12,50 %
Norsun AS	100 000	12,50 %
HMR Hydeq AS	50 000	6,25 %
IMPEC AS	50 000	6,25 %
Prosess-Elektro	50 000	6,25 %
<b>Totalt</b>	<b>800 000</b>	<b>100 %</b>



I 2018 er det tilsett administrerande dirktør og teknologidirektør i SITEP AS. Tidleg i 2019 vil det bli rekruttert inn to personar til. Selskapet er lokalisert i mellombels lokale fram til at Årdal Teknologipark AS har ferdigstilla nye lokale. Det er god framdrift i prosjektet og SITEP vil bli ein viktig aktør i innovasjonsmiljøet i Årdal. Det er viktig for Årdal å få på plass eit felles FOU selskap for næringslivet. Skal vi sikre vidare vekst i bedriftene våre, må dei få tilgang på ny kunnskap, ny teknologi, auke konkurransekrafta si og saman få til knoppskyting av nye bedrifter.



### 3.3. Organisering

Legge til rette for samlokalisering av ulike aktørar og styrke næringsklynga - Sikre attraktivt areal på Hydro sitt industriområde - etablering og samlokalisering. - Forprosjekt bedriftsnettverk/næringsklynge i industrien - Legge til rette for at Årdal kan ta ei regional rolle på industri utvikling Legge til rette for auka tilgang på ressursar og kompetanse for auka innovasjon og knopp skyting i næringslivet	2018-2020	1,8
---	-----------	-----


#### Resultat: Strategipunkt 3.3 er gjennomført

Innovasjonsmiljøet i Årdal har no funne si form, der SOK har fokus på kompetanse og samarbeid med vidaregåande skulen, fagskule og høgskule gjennom lærlingutdanninga og kursaktivitet. SITEP AS er FOU selskapet vårt som har fokus på teknologiutvikling og tett kontakt med dei «tunge» forskingsmiljøa i Norge og internasjonalt. ÅU har ansvaret for å utvikle innovasjonsmiljøet i Årdal og etablere eit godt samarbeid med dei regionale og nasjonale innovasjonsmiljøa



ÅU er den nøytrale parten som sikrar eit godt samarbeid med innovasjonsmiljøa og offentleg forvaltning. ÅU er nøytral og offentleg pådrivar som sikrar at det er ein indre samheng mellom strategisk planarbeid og næringslivet si vekstevne. I dette arbeidet må ÅU jobbe i mellomrommet for å sikre samhandling mellom alle relevante aktørar.

### Innovasjonsmiljøet i Årdal:



### 4. Eitt samfunn

Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør støttast	2018-2020	0,1
Utvikle ein strategi for kulturbasert næringsutvikling (vedlegg til SNP 2018)	2018-2020	0,3

#### Resultat: Strategipunkt 4 er gjennomført

Årdal Utvikling har jobba målretta med utfordringar knytt til samferdsle til/frå Årdal og ikkje minst utfordringar på samferdsle i kommunen. Dei viktigaste utfordringane på kommunikasjonen til/frå Årdal er FV53. Det er rasutfordringar på strekninga Årdalstangen - Fodnes og Øvre Årdal -Tyinkrysset. Vi hadde også store utfordringar på strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal, men desse er no langt på veg utbetra. Det er difor gledeleg at rassikringsarbeidet på vegstrekninga vil halde fram, og tunnel i Jåteli kjem no på plass som det viktigaste tiltaket.

Tindevegen er også svært viktig for Årdal om sommaren, då vegen sikrar at over 40.000 bilar køyrer gjennom Årdal. Vegen er blitt viktig for verdiskapinga i kommunen knytt til handel og reiseliv.

Strekninga Fodnes – Tyinkrysset er ein viktig veg for Årdal, men også for gjennomgangstrafikk som skal til/frå Sogn – Indre Austland og ikkje minst trafikk frå Bergen via FV53 og Tindevegen som skal til Trondheim om sommaren.

Årdal Utvikling utarbeidde for nokre år sidan eit omfattande notat knytt til desse utfordringane. Saman med kommunen er det gjort eit omfattande arbeid for å skape ei forståing for at spesielt FV53 må utbetrast. Vi skal likevel ikkje gløyme utfordringane vi har på Tindevegen, når det gjeld strekninga frå Øvre Årdal til Haug (Fardalsvingane). Ei utbetring av desse svingane må få prioritet i åra som kjem.

Når det gjeld kommunikasjon internt i Årdal, så er sjølv sagt strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal viktig. Her har ein dei siste åra gjort mykje sikringsarbeid, og vegen er i dag ein trygg veg. Vegen mellom Årdalstangen og Seimsdalen har vore ein verkebyll for kommunen. Det er eit stort og attraktivt bustadområde i Seimsdalen som har levd med ein trafikkfarleg tunnel i alle år. Endeleg har Årdal også nådd igjennom med argumentasjonen og Seimsdalen vil få ein sikker veg til bustadområdet, rekreasjonsområdet på Seimsåsen og ikkje minst til sjukeheimen. Dette gjer at vidare utbygging av bustader i Seimsdalen kan halde

fram, og massane frå ny tunnel kan nyttast til rassikringsvoll på Årdalstangen og frigjere eit stort nytt bustadområde på Hæreid.

Ikkje minst vil ny sikker kommunikasjon mellom Årdalstangen og Seimsdalen sikre at vi på nytt kan fokusere på å utvikle eit spennande rekreasjonsområde på Seimsåsen. Årdalstangen – Seimsåsen – Indre Offerdal kan utviklast til eit spennande konsept innan reiselivsutvikling, då vi kombinerer Sognefjorden, fjellheimen og spennande kulturopplevingar i Indre Offerdal. Kjøp av båten TYA må sjåast i denne samanhengen saman med vidare utbygging av sjøfronten på Årdalstangen.

Årdal kommune er heldigvis ein kommune med korte avstandar. Når vi no også får sikre desse avstandane, slik at ein har sikre kommunikasjonar, så ligg alt til rette for at Årdal kan utvikle seg vidare. Eit endå betre kollektivtilbod på transport, må på plass. Årdal Utvikling har greidd ut eit prosjekt som vi vonar kan takast opp til politisk handsaming.

Kommunikasjonar er ikkje berre vegar, men og fiber. Elektronisk kommunikasjon er i dag ein føresetnad for at næringslivet skal utvikle seg, og at folk vil bu i Årdal. Årdal Utvikling tok initiativ til å etablere Årdalsnett, som sidan har bygd ut fibernettet vårt i tett samarbeid med Årdal Energi. I dag er snart 100% av Årdal utbygd med fiber, og alle har ein sikker tilgang til internett. Årdal har også bygd ut fiber som sikrar at vegar frå Årdal ut på internett.

Det er investert i fiber vestover ut til Sogndal og fiber austover over Tyn. Ein skulle tru dette var nok, men digitaliseringa innan næringslivet og spesielt innan industrimiljøet vårt set større krav til kommunikasjonen enn to uavhengige vegar ut frå kommunen. Ein tredje veg må på plass, og den vil vere ein føresetnad for at industrimiljøet vårt vil kunne utvikle seg vidare i Årdal. Det enklaste for Årdal vil vere å gå igjennom nabokommunane Lærdal og Aurland til Voss og vidare derifrå. Lærdal Energi og Aurland Energi eig fiber gjennom tunnelane som kan sikre oss ein slik tredje veg. Dessverre har vi så langt ikkje makta å få på plass ein avtale med nabokommane våre, og resultatet er at denne tredje vegen er stengt for oss. Dette er svært kritisk for Årdal, og det er difor teke avgjerd om at vi må gå den tunge (og dyre) vegen med å legg ny fiber mot Voss. Utviklinga innan digitalisering i industrien vår går fort, så denne fiberen må på plass så raskt som mogeleg, truleg i 2019. Det vil medføre tunge finansielle løft for Årdalsnett, men selskapet vil makte dette. Vi har framleis håp om at kommunane kan kome til ei semje om dette, då kommunane eig energiverka som eig fiberen, men vi kan ikkje vente lenger på ei slik avklaring.

Årdal Utvikling startar opp strategiprojekt kulturbasert næringsutvikling i 2019. Det er gjort ein del innleiande førebuingar til prosjektet i 2018. To konkrete etableringsprosjekt vil bli ein del av strategiarbeidet.

- Årdal Industrimuseum AS
- o Årdal sin industrihistorie er unik. Det er på tide at denne historia vert dokumentert og gjort synleg for både årdøler og besøkande. Denne etableringa vil skje gjennom eit tett samarbeid med Årdal Sogelag, Hydro, næringslivet, Årdal kommune og kulturressursar i fylkeskommunen.

- Årdal har eit rikt kulturliv med mange utøvande kunstnarar og mange som har kunst som hobby. Vi ser no på eit prosjekt der vi tek sikte på å arbeide fram eit senter for utøvande kunst. Vi ønskjer å samlokalisere dette med Årdal Industrimuseum. Årdal er i dag eit samfunn der satsing på teknologi er viktig. Å satse på eit senter der kunst møter teknologi er ein spanande tanke.

Arbeidet i 2019 vil gje svaret på om desse prosjekta kan realiserast.

### 5. Reiseliv

Realisere utkikspunkt Vettismorki	2018	2,0
Forstudie hytteturisme i Årdal	2019	0,2
Forprosjekt utvikling av Utladalen	2019	0,5
Forprosjekt sykkelturisme	2020	0,1
Arrangere fagag "Krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre	2018	0,1
Realisere prosjekt Sjøfronten	2018	0,35
Utvikling av "bedriftsnettverk"	2020	0,1

#### Resultat: Strategipunkt 5 er delvis gjennomført

Årdal Utvikling har no gjennomført 2 år av arbeidet knytt til gjennomføring av strategi for reiseliv. Besøkstala til Årdal viser god framgang. Årdal har framleis ein lang veg å gå innan reiseliv, men vi er optimistiske på at næringa har ei framtid i Årdal.

Vi ser at Årdal har utfordringar med å få på plass næringsaktørar som kan gjennomføre dei ulike aktivitetane i strategien. For å skape eit godt fundament for reiselivssatsinga, vil det vere naudsynt at vi styrkar arbeidet med å få på plass gode strategiar og solid økonomi i dei bedriftene vi har innan reiseliv. Vi må også setje eit sterkare fokus på samhandling mellom reiselivsnæringa og handelsnæringa.

Prosjektet med å realisere utkikspunkt Vettismorki er intil vidare lagt på is. Det viser seg at naudsynte avklaringsar med grunneigar og problemstillingar knytt til landskapsverneområde vil ta lang tid å løyse. Prosjektet er difor skyvd til neste planperiode frå 2021. Arrangere fagdag «krav til reiselivskommune» for kommune, næringsliv og andre, vil bli gjennomført i 2020.

Prosjektet med å realisere prosjekt Sjøfronten, vil bli prioritert i 2019 og 2020. Dette inkluderer nytt bygg i Meieriparken og drift av båten Tya. Molo i båthamna skal også setjast i stand.

Forstudie hytteturisme er førebudd for gjennomføring i 2019. Området som vil bli grunnlaget for arbeidet er Seimsåsen. Vi ser føre oss plan for 50 – 80 hytter, heisanlegg og servicebygg. Området skal utviklast for både vinter- og sommaraktivitetar og utviklast i samarbeid med utviklingsprosjekt sjøfronten og vidare utvikling Ne' fø sjøen. I 2019 vil ein saman med grunneigarar arbeide fram ulike scenario for korleis ei utbygging kan sjå ut. Årdal Utvikling vil delta aktivt i prosjektet med faglege ressursar innan hytteturisme og reiseliv.



# Årsrekneskap 2018

Årdal Utvikling | Org.nr: 841843932

## Resultatregnskap

	Note	2018	2017
	1		
Faste tilskot		3 200 000	2 000 000
Bedriftsretta tilskot		2 000 000	2 300 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>5 200 000</b>	<b>4 300 000</b>
Lønnskostnad	2	1 958 098	1 999 234
Bedriftsretta tiltak		1 698 867	1 417 444
Annen driftskostnad	2	849 356	958 752
<b>Sum driftskostnad</b>		<b>4 506 321</b>	<b>4 375 430</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>693 679</b>	<b>-75 430</b>
Annen renteinntekt		21 920	19 236
Annen finansinntekt		0	7 500
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>21 920</b>	<b>26 736</b>
Annen rentekostnad		241	179
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>241</b>	<b>179</b>
<b>Sum netto finansposter</b>		<b>21 680</b>	<b>26 557</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>715 359</b>	<b>-48 873</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>715 359</b>	<b>-48 873</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>715 359</b>	<b>-48 873</b>
Overført til udekket tap	5	715 359	-48 873
<b>Sum disponert</b>		<b>715 359</b>	<b>-48 873</b>

## Balanse

	Note	2018	2017
<b>Eiendeler</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	3	543 125	193 125
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>543 125</b>	<b>193 125</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>543 125</b>	<b>193 125</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		221 539	18 190
Andre fordringer		539 556	563 212
<b>Sum fordringer</b>		<b>761 095</b>	<b>581 402</b>
<b>Investeringer</b>			
<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	4	<b>452 981</b>	<b>288 284</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>1 214 076</b>	<b>869 685</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>1 757 201</b>	<b>1 062 810</b>

## Balanse

	Note	2018	2017
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Grunnkapital	8	1 020 000	1 020 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>1 020 000</b>	<b>1 020 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Udekket tap	8	-303 439	-1 018 797
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>-303 439</b>	<b>-1 018 797</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>716 561</b>	<b>1 203</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		633 662	674 461
Skyldige offentlige avgifter		145 712	131 535
Annen kortsiktig gjeld		261 266	255 612
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 040 640</b>	<b>1 061 608</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 040 640</b>	<b>1 061 608</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>1 757 201</b>	<b>1 062 810</b>


Årdalstangen, 04.03.2019  
Årdal Utvikling


  
Anne Kauppi  
Styreleder

  
Bjørn Havro  
Styremedlem

  
Jarle Magne Teigen  
Nestleder

  
Line Moen  
Styremedlem

  
Ørjan Stedje Ylvisåker  
Styremedlem

  
Terje Laaberg  
Daglig leder

## Noter til årsregnskapet

### Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet.

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

### Skatter

Stiftinga er ikkje skattepliktig, og det er difor ikkje noko skattekostnad i rekneskapet.

### Note 2 Lønskostnader mv.

	2018	2017
Løn	1 533 074	1 486 114
Arbeidsgjevaravgift	170 079	163 537
Andre lønsrelaterte ytelsar	49 165	43 636
Pensjonskostnader	190 163	269 841
Andre personalkostnader	15.618	36 106
<b>Totalt</b>	<b>1 958 098</b>	<b>1 999 234</b>

Det har vore 2 årsverk i selskapet i 2018. Løn til dagleg leiar er kr 1 024 457  
Ytelsar til andre:

Styremedlemmer	kr 37 830,-
Revisjonshonorar	kr 31 437,-
Andre honorar revisor	kr 1 875,-

Selskapet har obligatorisk tenestepensjon som stettar kravet i lova.

### Note 3 Investeringar

Årdal Utvikling hadde pr. 31.12.2018 følgende investeringar:

Selskapsnavn	Aksjekapital	Tal aksjar	Kjøps år	Pålydande	Bokf.verdi
SITEP AS	800 000	250	2019	1000	250 000
Årdal Teknologipark as	100 000	100	2018	1000	100 000
Indre Sogn sparebank	38 250 000	2 500	1989	250 000	193 125
<b>Totalt</b>					<b>543 125</b>

### Note 4 Bundne midlar

Bundne midlar avsett til skattetrekk utgjer pr 31.12.2017 kr 92 305. Skuldig skattetrekk er kr 92 305

### Note 5 Eigenkapital

Endring egenkapital

	Grunnkapital	Kapitalfond	Udekka tap	Sum
Egenkapital 01.01.	1 020 000	0	-1 018 796	1 204
Overskot 2018		0	715 359	715 359
<b>Egenkapital 31.12.</b>	<b>1 020 000</b>	<b>0</b>	<b>- 303 437</b>	<b>716 563</b>

Årsoppgjøret til Årdal Utvikling er avlagt under forutsetning om fortsatt drift.. Prosjekttiltak og tilsagn på tilskot vil bli tilpassa økonomien i selskapet.

# Deloitte.

Deloitte AS  
Fossetunet 3  
Postboks 206  
NO-6852 Sogndal  
Norway

www.deloitte.no

Til styret i stiftelsen Årdal Utvikling

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Årdal Utviklings årsregnskap som viser et overskudd på kr 715 359. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

#### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som

grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimater og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

#### Uttalelse om øvrige lovmessige krav

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

##### *Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Sogndal, 4. mars 2019  
Deloitte AS

  
**Anne Britt Hjeltnes**  
Statsautorisert revisor





